

Ullensvang herad

5780 KINSARVIK

Dato: 22.12.2015  
Vår ref.: 2014/19439-66  
Saksbehandlar: arnasan  
Dykkar ref.:

## Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig tenestetilbod i Ullensvang herad finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Ullensvang herad til eit orienterings- og drøftingsmøte **tysdag 19. januar 2016 kl 14 – 1530 på fylkesrådmannens kontor i fylkesbygget 14. etasje – Agnes Mowinckels gt 5, Bergen.**

Temaet er tannhelsetenesta sitt framtidige tilbod i Ullensvang herad.

Fylkestannlegen ser for seg at Ullensvang herad kan delta med inntil 2 representantar. Frå Hordaland fylkeskommune deltek fylkesrådmannen, og frå tannhelsetenesta deltek overtannlege i Aust tannhelsedistrikt Lathamini Murugesu og fylkestannlegen i Hordaland.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: [arne.asan@hfk.no](mailto:arne.asan@hfk.no) – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan  
fylkestannlege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*